



## Statens vegvesen

Siv. ing. Vidar Mjøs

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Ingelin Garen - 55516345

Vår referanse:  
2010/229988-036

Dykkar referanse:

Vår dato:  
17.11.2014

### **Reguleringsplan for Fløholmen i Radøy kommune - PlanID 12602010000300 - framlegg til reguleringsplan**

Vi viser til Dykkar brev dagsett 31.10.2014. I brevet er det gjort greie for status for arbeidet med reguleringsplan for Fløholmen og samstundes er det skissert eit alternativt plangrep i form av ein områdeplan.

Statens vegvesen er beden om å gje ein kommentar til det alternative forslaget som går ut på å vidareføre utviklings- og planarbeidet for Fløholmen i to trinn:

- Prosjekt småbåthamn vert handsama som eit tiltak med basis i eksisterande fylkesveg og eksisterande kommuneplan
- Arbeid med reguleringsplan for utvida næringsområde med kai anlegg på bnr. 12 og 37 vert sett i gang, som områdeplan, med ny varsling og utarbeiding av planframlegg og offentleg høyring av dette, parallelt med at framlegget vert registrert som innspel til revidert kommuneplan.

Det aktuelle området er i kommuneplan for Radøy sett av til næringsareal på land og areal til småbåthamn i sjø. Området er markert med omsynsone H710 – krav til detaljregulering. Forslaget som er skissert, legg opp til at småbåthamna skal kunne realiserast gjennom at byggesaksavdelinga i kommunen fattar eit vedtak om dispensasjon frå plankravet medan resten av området skal sjåast på samla i ein framtidig områdeplan.

Av varsel om oppstart av reguleringsplanen for Fløholmen november 2010 gjekk det fram at planen skulle leggje til rette for ei 96 meter lang flytebryggje med utliggjare på 6 eller 12 meter. Det var illustrert 32 båt plassar (3x7) på innsida mot Grønholmen medan det på utsida mot vågen var illustrert 12 (4 x10) og 8 plassar (5 x15). Totalt 52 båt plassar. Det vart også opplyst at et område aust for industribygningane på land skulle leggjast til rette for båt opplag, vedlikehald og parkering med eit isolasjonsbelte mot naboane i aust.

Det er ikkje sagt noko om storleiken på småbåthamna det no vert søkt om dispensasjon for. Vi legg derfor til grunn at prosjektet i hovudsak er uendra.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

I utkastet til alternativ dagsett 31.10.2014 er det sagt at opplysningar som har kome fram i regulerings-saka tyder på at kommunen ser eit stort potensiale for ny industriutvikling på Fløholmen. Statens vegvesen meiner det vil være naudsynt å sjå på den framtidige utviklinga av Fløholmen som ein heilskap. Plassering av ei ny småbåthamn vil til dømes kunne legge føringar for utviklinga av den resterande delen av næringsområdet og plasseringa av eit nytt kai anlegg knytt til dette. Auka aktivitet på Fløholmen må også sjåast i samanheng med bruken av friluftsområdet i nærleiken både med omsyn til biltrafikk og trafikk av mjuke trafikantar.

Også på eit generelt grunnlag og med henvisning til PBL § 12-1 er det Statens vegvesen sin oppfatning at eit byggjetiltak av denne storleiken ikkje bør handsamast som dispensasjonssak men må forankrast i ein reguleringsplan som sikrar brei medverknad frå ulike interesser og faginstansar undervegs i prosessen.

Plan og forvaltning - Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*

Sindre Lillebø  
Seksjonsleiar

*Ingelin Garen*  
Ingelin Garen